


12 NOV 1998



# FISKERIRETTLEIAREN I HERØY

## MØRE OG ROMSDAL



# ÅRSMELDING

# 1997

Fiskerirettleiaren i Herøy  
Boka 105  
6090 FOSNAVÅG

tlf 70.08.05.10  
fax 70.08.05.11

## Årsmelding 1997.

Innhald .....	side 2
Forord .....	side 3
Kart over kommuna .....	side 4
1.0. Nemnder og styrer for perioda 1996-99 .....	side 5
1.1. Herøy Fiskerinemnd 1996-99 .....	side 5
1.2. Fiskarbankens Takstnemnd 1996-99 .....	side 5
1.3. Herøy Hamnestyre 1996-99 .....	side 6
2.0. Innleiing og samandrag .....	side 7
3.0. Sysselsetting i næringa .....	side 9
3.1. Fiskarmanntalet/talet på fiskarar .....	side 9
3.2. Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapsindustrien og i oppdrettsnæringa .....	side 11
3.3. Anna sysselsetting .....	side 11
4.0. Fiskeflåten .....	side 12
4.1. Merkerregisteret .....	side 12
4.2. Flåtesamansetning - konsesjonar/spesielle løyve .....	side 14
4.3. Fiskeriaktivitet .....	side 14
5.0. Råstoffsituasjonen - kvantum, fangstverdi, leveranse .....	side 16
6.0. Fiskeindustrien .....	side 15
7.0. Oppdrettsnæringa .....	side 17
8.0. Service for fiskeflåten .....	side 17
9.0. Utdanning og kompetanseheving .....	side 18
10.0. Kvantum- og verdistatistikk .....	side 18

## FORORD.

Herøy kommune grensar i aust og nord til Ulstein kommune og Storfjorden. I sør mot Sande kommune.

Herøy er ei øykommune som omfattar delar av Gurskøya, og dei store øyane Skorpa, Nerlandsøya, Runde, Remøy, Leinøy, Bergsøy og Flåvær.

Kommuna har totalt 540 øyar, holmar og skjær, og ei flatevidde på 130 kvadratkilometer.

Ved årsskiftet 1997/98 hadde kommuna eit folketal på ca 8.300. 6 av dei 8 større øyane er no knytte saman med bruer som gjer det lett vint for folk å kome seg til kommunesenteret i Fosnavåg der kommuneadministrasjonen ligg.

Rettleiarkontoret ligg i Fosnavåg. Vi har i dag 2 kontor, møterom og eit mindre arkivrom. Fiskerinemnda har sine møter på kontoret. Kontoret er rimelig bra utstyrt kontorteknisk.

Svein-Arne Leine har vore tilsett som fiskerirettleiar i meldingsåret. Johnny S.Kvalsund har vore tilsett som kontorfullmektig med delfinansiering av stilling gjennom Fiskeridirektoratet, Herøy Trygdekontor og Herøy Kommune. Herøy Kommune har stått som arbeidsgjevar.

Frå september 1995 vart fiskerirettleiarkontoret for Sande, Vanylven og Volda samlokalisert med kontoret i Herøy. Frå august 1997 har Larus Thor Kristjanson vore tilsett som rettleiar ved Sande-kontoret.

Frå juni 1997 har Bjarne Wegerstedt, Fiskeridirektoratets Kontrollverk, vore samlokalisert med fiskerirettleiarkontoret i Fosnavåg.


Fiskerinemnda hadde i løpet av meldingsåret 2 fiskerinemndsmøter. I tillegg vart det avhaldt 1 minimøte. Sakene herfrå er seinare framlagde for nemnda for godkjenning. Totalt vart det handsama og protokollført 34 saker, samt 54 referatsaker.

Ved kontoret vart det i meldingsåret journalført 1602 ut- og inngåande skriv. Kontoret har hatt ein god kontakt med kommuna og dei ulike etatane.

I ei sovidt stor fiskerikommune har rettleiarkontoret ein viktig funksjon i samband med service og forvaltning overfor heile fiskerinæringa i kommuna.

Besøk og kontakt ved kontoret gjenspeglar dette.

Fosnavåg, august 1998  
Svein-Arne Leine  
Fiskerirettleiar





## 1.0. NEMNDER OG STYRER FOR PERIODA 1996 - 1999.

### 1.1. HERØY FISKERINEMND 1996-99.

#### Medlemer:

##### Sp/Herøylista:

Harald Sævik (leiar)

##### Ap:

Knut Arne Høyvik (nestleiar)

##### V/SV:

Norunn Leinebø Remøy

##### Krf:

Paul Harald Leinebø

##### H/Frp:

Signe Sævik Monsen

#### Varamedlemer:

1. Herdis Nerland
2. Palmar Kleppe
3. Martha Torvik

1. Reidar Hole
2. Svein Rune Smådal
3. Evelyn Nykrem

1. Stig Remøy
2. Bård Remøy
3. Randi Erdal

1. Anton Leine
2. Åse Alnes Kvalsvik
3. Bård Kopperstad

1. Kåre A. Sævik
2. Gisle Hjelmseth
3. Berit Skjelsvik

Med bakgrunn i Stortingsvedtak er lov om Rettleiingstjenesta i fiskerinæringa oppheva med verknad frå 1.juli 1998. Fiskerinemnda si funksjonstid er dermed over frå og med denne dato.

### 1.2. FISKARBANKENS TAKSTNEMND 1996-99.

#### Medlemer:

Harald Sævik (leiar)

Harald Hansen (nestleiar)

Knut T. Teige

#### Varamedlemer:

1. Hans Sande
2. Jostein Nygård
3. Knut Sævik
4. Kåre Sævik

**1.3. HERØY HAMNESTYRE 1996-99.**Medlemer:V:

Øystein Ø. Goksøyr (leiar)

H/Frp.:

Magne Sævik (nestleiar)

Karly Teige

Krf.:

Arne Jøsok

Ap:

Svein Rune Smådal

Bodil Notøy

Sp:

Hans Sande

Varamedlemer:

1. Bjørn Ove Endresen
2. Odd Rudolfsen
3. Solveig Håheim
4. Randi Erdal

1. Paul Reite
2. Marit Skogen
3. Daniel Igesund
4. Hilde Nærø
5. Oddhild Dypvik

1. Torill Nærø
2. Bård Kopperstad
3. Åse Alnes Kvalsvik

1. Ole Zahl
2. Andor Vike
3. Ingrid Nordal
4. Hjørdis Sævik

1. Jan Magne Kvalsvik
2. Arnhild Abrahamsen
3. Oddbjørg Remøy

## 2.0. INNLEIING OG SAMANDRAG:

Vurderer ein dei ulike sider av fiskerinæringa på sjø-og landsida i storleik og samansetning, må ein konkludere med at Herøy kommune totalt sett er den største fiskerikommuna i landet.

På dei fleste områder har fiskerinæringa i kommuna utvikla seg til å bli blant dei fremste, og her kan ein nemne:

Antal aktive fiskarar, rekruttering og gjennomsnittsalder på fiskarane, antal aktive fartøy og særleg havgåande fartøy, variert flåtestruktur, oppfiska kvantum, motteke kvantum, førstehandsverdi til flåten, osv..

Ser ein dette i ein total norsk fiskerisamanheng, og ikkje minst i forhold til storleiken på kommuna, kjem Herøy i ei særstilling som landets største og kanskje mest fiskeriavhengige kommune. Fiskerinæringa og dei avledda næringane er i stor grad fundamentet for bosetting og økonomi i kommuna.

Sjølv om talet på einefiskarar har gått litt ned siste åra, er antalet fortsatt høgt og ikkje minst samanlikna med andre kommunar og regionar langs kysten. Nedgongen i antal fiskarar etter 1993 skuldast i første rekke innskjerpinga for å stå på blad B.

Frå 1996 til 1997 har vi hatt ein auke på 18 fiskarar på blad B. På blad A har ein hatt ein auke på 3 personar.

Rekrutteringa til fiskaryrket har halde seg relativt stabilt på heile 90-talet. I 1997 fekk ein 33 nyinnmeldingar til manntalet. Talet på nye fiskarar kvart år kunne vore ein god del større, men er hindra av mangel på ledige plassar i flåten.

I kommuna har ein mange som er syssesett innan andre maritime næringar som supply, kystvakt, skipsfart. Av desse er mange rekruttert frå og nær tilknytta fiskerinæringa. Desse ulike sjøretta næringane utfyller kvarandre og har ei betydelig utveksling av personell. Dette resulterer i ei allsidig maritim miljø - og kompetanseoppbygging som utvilsamt er med på å styrke grunnlaget for Herøy sin unike og sterke posisjon i fiskerisamanheng.

Med utgangspunkt i fiskarmanntalet og innhenta data frå dei ulike fiskeritilknytta verksemdar i kommuna, får ein slik sysselsetjing for 1997:

-fiskarar blad A og B:	627
-årsverk i oppdrett, redskaps- og fiskeindustrien:	<u>376</u>
Sum:	<u>1.003</u>

Sysselsetjinga er omtrent den same som i 1996.

Bak årsverka i landindustrien står det mange deltidstilsette, og då i hovudsak kvinner. Totalt var det sysselsett mellom 500-600 personar i landindustrien i 1997. Heilårsfiskarane har ofte eit timetal bak kvart fiskarårsverk som langt overstig eit normalårsverk i industrien. Dette gjer at antal fiskarar ikkje avspeglar det reelle antal årsverk i fiskeflåten.

I 1997 var det totalt ein netto avgong på 8 merkeregistrerte fartøy. Totalt hadde ein 28 fartøy over 35 m. Ingen andre kommunar i landet kan vise til så mange større fartøy. Desse utgjør omlag 30% av alle fartøy over 35 m i Møre og Romsdal.

For tida er det stor aktivitet blant fiskarane i Herøy for utskifting og fornying. I 1997 fekk vi ein tilvekst på 4 nye havfiskefartøy. Pr dato er 4 nybygg under arbeid som vil bli levert i 1998/-99. Også dette er større havgåande fartøy.

Førstehandsverdien frå flåten kom i 1997 opp i ca 692 mill kr, mot ca 662 mill kr i 1996 som også var eit toppår. Herøyflåten fiska i 1997 ca 313.000 tonn, ca 14.000 tonn mindre enn i 1996. Av dette vart 27,9% levert i heimkommuna mot 32,7% i 1996. Herøybåtane stod for 26,0% av samla førstehandsverdi og 41,5% av samla kvantum når ein ser heile flåten i fylket under eitt. Verdimessig er dette litt høgare, men kvantumsmessig litt lavare enn føregåande år.

Mottaket av fisk i kommuna, inkludert oppdrettsfisk frå oppdrettsanlegg i kommuna, var på ca 198.500 tonn til ein førstehandsverdi på ca 523 mill kr. Dette er ein auke i kvantum på ca 3.000 tonn medan det var ein verdimessig nedgong på ca 8 mill kr. Ser ein på sektorane enkeltvis var det ein auke både i kvantum og verdi for sildesektoren, medan torskesektoren hadde ein nedgong

Oppdrettsnæringa innan lakseproduksjon hadde eit bedre resultat enn i 1996. Samtlege oppdrettskonsesjonar på laks er no overtekne av interesser utanom kommuna.

Servicemulighetene for flåten og industrien både på redskap - og utstyrsida er relativt godt utbygd i kommuna. Fleire større og mindre regnskap - og administrasjonskontor utfører viktige rederifunksjonar for flåten.

På ulike nivå vert det arbeidd aktivt for rekruttering og fagutdanning av personell retta inn mot næringane både på land og sjø. Dette ser ein på som svært viktig med omsyn til vidareutvikling av næringane for framtida.



### **3.0. SYSSELSETTING I NÆRINGA.**

#### **3.1. Fiskarmanntalet/talet på fiskarar.**

Fiskarmanntalet skal sikre ei registrering av alle som bur i Norge og som har fiske og fangst som biyrke eller hovudyrke.

Manntalet står sentralt når det gjeld rettar til sosiale stønadsordningar for fiskarar. Manntalet er avgjerande for å kunne ta del i ulike fiskeri/ha rett til kvoter, ervervsløyve, sjukeløn, A-trygd, garantilott, tilskott, opptjening av pensjonsrettar, osv.

Fiskarane vert registrert på 2 ulike blad i manntalet. Som hovudregel fører ein på blad B dei personane som har fiske som hovudervv, og som ein reknar med vil få minst 20 veker aktivitet i fiske og fangst det komande året. Det er eit krav at premien til pensjonstrygda for fiskarar eller til anna godkjent pensjonsordning er betalt for å kunne stå på blad B.

Personar som har fiske og fangst som deltidsyrke, eller som p.g.a. alder/uføretrygding har trappa ned eller har måtta gått på land og soleis ikkje fyller krava til å stå på blad B, vert førde på blad A.

**Tab. 1. Utviklinga i antal fiskarar i Herøy på blad B inndelt i aldersgrupper, og på blad A, for åra 1988 til 1997 (tal frå fiskarmanntalet) pr 31.12.97:**

År	Blad B					Totalt blad B	Totalt blad A	Blad A og B
	<21 år	21-30 år	31-40 år	41-50 år	>50 år			
1988	101	241	157	107	107	713	93	806
1989	101	218	135	92	83	629	105	734
1990	51	253	120	95	97	618	126	744
1991	59	235	144	100	120	658	126	784
1992	66	203	128	98	117	612	84	692
1993	50	200	134	108	108	600	87	687
1994	30	174	141	100	103	548	88	636
1995	34	162	136	93	111	536	90	626
1996	33	150	124	95	108	510	96	606
1997	28	158	127	102	113	528	99	627

Utviklinga i antal fiskarar i Herøy har gått jamnt nedover sidan slutten på 1980-talet. Etter 1991 har nedgangen vore på 130 fiskarar på blad B, noko som tilsvare 19,8%. På blad A har det i same perioda vore ein nedgangen på 27 fiskarar. Dette tilsvare ein reduksjon på 21,4%.

Det er spesielt innan aldersgruppene 30 år og yngre at nedgangen har vore størst. Ved utgongen av 1997 var 35,2% av B-fiskarane i Herøy 30 år eller yngre, mot 36,8% i 1996. I 1991 representerte tilsvarande gruppe 44,7%.

Innan aldersgruppa under 21 år var antal fiskarar i 1997 godt under 1/3 samanlikna med 1988 og 1989.

Frå 1996 til 1997 har ein hatt ein auke på 18 fiskarar (3,5%) på blad B, medan antalet på blad A har gått opp med 3 personar (3,1%).

Også gjennomsnittsalderen for fiskarane på blad B har gått litt opp kvart av dei siste åra, og var ved utgongen på 1997 på 39 år, mot 38 år og 7 mnd. året før.

Årsakene til reduksjonen i antal fiskarar spesielt etter 1993 kan tilskrивast fleire forhold. For det første har krava for å stå i manntalet vorte vesentleg skjerpa frå 1994. Etter den tid har det vore ei reell oppknytning mellom B-manntalet og fiskarpensjonsordninga/sjømannspensjonsordninga. Dette har medverka til eit oppdatert og eit meir reelt fiskarmanntal. Imidlertid må ein også rekne med at ein del fiskarar har valgt å ikkje betale pensjonspremie, og dermed har vorte ekskluderte frå manntalet av den grunn. På slutten av 1980-talet bidrog m.a. skjellskrapareventyret til ei kunstig oppblåsing av manntalet. Nedgangen i antal B-fiskarar etter den tid må sjåast i lys av også dette. Ein sterk vekst i oljerelatert verksemd, kystvaktteneste, verftsindustri, fiskeindustri, osv i regionen på 1990-talet, har ført til skjerpa konkurranse om arbeidskrafta og då spesielt blant yngre arbeidstakarar.

Siste åra har lønsnivået blant fiskarane i kommuna i snitt vore relativt høgt. Dette har ført til stabilitet og lite utskifting av mannskap ombord i båtane. Over tid har dette ført til sterkare konkurranse om plassane med det resultat at færre yngre personar får høve til å starte i fiskaryrket. Dette kan vere noko av forklaringa på at antal fiskarar under 30 år har gått ein del ned siste åra, og at gjennomsnittsalderen har gått jevnt oppover. Rekrutteringa til fiskeinæringa i kommuna følger stort sett tilbudet om arbeid ombord i fiskeflåten.

I sum er dette hovudårsakene til reduksjonen i antal fiskarar. Tala for 1997 avspeglar også at nokre av fiskarane frå kommuna som driv på utanlandske fiskebåtar, vart strokne frå manntalet.

**Tab. 2. Nyinmeldingar til fiskarmanntalet dei 6 siste åra:**

år:	1992	1993	1994	1995	1996	1997
antal :	50	43	43	42	39	33

### **3.2. Sysselsetting i fiskeindustrien, redskapsindustrien og oppdrettsnæringa.**

I kommuna har vi 10 fiskeindustribedrifter. Innan redskapsindustrien har vi 2 notbøteri og 2 redskapsfabrikkar. Dessutan har vi 4 matfiskanlegg for laks og aure i sjø, 1 settefiskanlegg og 1 landanlegg for kveite og piggvar. I tillegg 1 konsesjon for kveite som ikkje er i drift.

**Tab. 3. Utvikling i sysselsetting (årsverk) innan fiskeindustri, redskapsindustri og oppdrett i åra 1991 til 1997 (tal innhenta frå dei ulike bedriftene):**

<u>ÅR</u>	<u>FISKEINDUS.</u>	<u>REDSKAPSINDUS.</u>	<u>OPPDRETT</u>	<u>TOTALT</u>
1991	204	68	25	297
1992	209	95	24	328
1993	255	76	23	354
1994	282	82	23	387
1995	309	90	22	421
1996	297	76	22	395
1997	275	81	20	376

Antal årsverk viser ein liten nedgong i forhold til 1996. Antal sysselsette kom opp i mellom 500 og 600 personar. Dette viser at mange har vore tilsette på deltid i sesongane.

### **3.3. Anna sysselsetting.**

Fiskerinæringa i kommuna gir grunnlag for store ringverknader på land, både i Herøy kommune, nabokommunane og i andre distrikt av landet. Næringane på land og sjø er storforbrukarar av varer og tjenester frå handelstanden, utstyrsleverandørar, verkstadar, o.a.

Det er ikkje gjort forsøk på å kvantifisere den direkte og indirekte sysselsettingseffekten i tilknytning til fiskeri - og oppdrettsnæringa. Imidlertid er effekten ganske betydeleg.

#### **4.0. FISKEFLÅTEN.**

##### **4.1. Merkerregisteret.**

Sett over ei rekke år har vi ein klar tendens til at flåtestrukturen har vorte endra mot gjennomsnittleg litt større fartøy. Antal mindre fartøy under 10 m går litt ned, medan antal fartøy over 10 m er stabilt eller går litt opp. Reduksjonen i antal mindre fartøy skriv seg i første rekke frå sletting av fartøy som ikkje har hatt fiskeriaktivitet siste åra.

I 1997 var det ein netto avgong på 8 merkerregistrerte fartøy. Dette fordeler seg med netto reduksjon på 9 fartøy under 10 m, medan antal fartøy over 10 m er auka med eitt i forhold til 1996.

Ved årskiftet var 41,1% av fiskeflåten i Herøy over 10 m. Tilsvarande for 1996 og 1995 var respektive 39,0% og 38,1%. Av flåten over 10 m var 34,6%, eller 28 fartøy over 35 m. 46,5% av alle fartøya er bygde etter 1980, medan vel 7% er bygde på 1990-talet.

For kjøp av fartøy over 50 fot må det søkjast spesielt løyve. I løpet av meldingsåret var det mange herøyrederi som søkte om utskiftningsløyve for kjøp av brukt fartøy eller nybygg. Dette viser at det er stor interesse blant herøyfiskarane om fornying og vidareutvikling av fiskeflåten. Av tilgongen på 14 fartøy i meldingsåret, var det 4 nybygde havgåande fartøy. I tillegg var 4 havgåande fartøy under prosjektering/bygging dette året.

Fyljande tabell viser status for fiskeflåten i Herøy kommune ved utgangen av 1997:

**Tabell 4. Fiskeflåten i Herøy pr 31.12.97.**

			1997			BYGGEÅR						
Lengde	1995	1996	Avgang	Tilgang	Tot. 1997	Før 1940	40-50	50-60	60-70	70-80	80-90	90-97
< 10 m	130	125	11	2	116	-	-	5	14	51	45	1
10 - 21 m	46	47	3	4	48	1	-	3	2	9	27	6
21 - 35 m	5	5	4	4	5	-	-	1	2	-	1	1
> 35 m	29	28	4	4	28	-	-	5	3	8	7	5
<b>Sum</b>	210	205	22	14	197	1	0	14	21	68	80	13

Kilde: Merkeregistret for Herøy

#### **4.2. Flåtesamansetning - konsesjonar/spesielle fiskeløyve.**

Ved utgangen på meldingsåret hadde flåta i Herøy fyljande konsesjonar/spesielle fiskeløyve:

Ringnot: 13 fartøy med gjennomsnittleg konsesjonskapasitet på 10.946 hl. Antal fartøy er eitt meir enn i 1996. 2 av fartøya har for tida nybygg under realisering.

Reketrål: 6 fartøy som i 1996. 1 av fartøya har nybygg under realisering.

Torsketrål: 1 fartøy som i 1996.

Bomtrål: 1 fartøy som i 1996.

Industritrål: 6 fartøy som i 1996. 1 av fartøya er under utskifting med nybygg.

Makrelløyve 70-90 fot: 1 fartøy som i 1996.

Autolinefartøy/bankfartøy: 3 fartøy som i 1996.

Fartøykvote torsk: 37 fartøy. Dette er 1 færre enn i 1996.

Flåten i Herøy er breitt samansett både når det gjeld fartøystorleik og i driftsform. Dei fleste viktigaste driftskategoriane i norsk fiskerinæring er representert. Det store innslaget av moderne havgåande fartøy innan ulike fiskeri saman med ei oppgradert og moderne kystflåte, er med på å gjere Herøy til ei av landets store fiskerikommunar.

#### **4.3. Fiskeriaktivitet.**

Ringnot er den dominerande flåtegruppa i kommuna både når det gjeld kvantum og førstehandsverdi. Ringnotflåten er moderne og oppgradert. I løpet av året fekk denne flåten ein tilvekst på 2 nybygg. Ringnotflåten hadde eit eksepsjonelt godt år i 1997. Dette skuldast først og fremst høg pris på makrell og sild, samt høgare kvoter på sild og kolmule.

Saman med industritrålarane som også hadde eit godt år, stod dei for ca 92,6% av fangstkvantumet og ca 62,7% av førstehandsverdien frå herøyflåten. Kvantumsmessig prosentvis litt høgare, men verdimesig prosentvis litt lavare enn året før.

Rekefisket på Grønland og i Barentshavet ga eit rimelig resultat for våre rekefrysetrålalarar trass i relativt dårlege råstoffprisar.

Også autolineflåten og den større kystflåten hadde eit bra resultat i 1997. Dårlegast kom sjarkflåten ut pga sviktande vintertorskfiske. Vår-, sommar- og haustfisket retta imidlertid opp noko av den dårlege vintersesongen.



## **5.0. RÅSTOFFSITUASJONEN - KVANTUM, FANGSTVERDI, LEVERANSE.**

Herøyflåten hadde eit nytt toppår i 1997, og oppnådde eit resultat på ca 692 mill kr i førstehandsverdi (førebels statistikk pr mars 1997 frå Fiskeridirektoratet). Dette er det beste resultatet for herøyflåten nokon gong, og ligg ca 4,5% over resultatet frå 1996 som også var eit toppår.

I 1997 ilandbrakte fartøya frå Herøy eit kvantum på ca 313.000 tonn, noko som er ca 14.000 tonn mindre enn året før. Av dette vart 27,9% levert i heimkommuna. Tilsvarende i 1996 var 32,7%, og i 1995 34,9%. Leveransane i heimkommuna i 1997 representerte 27,8% av den totale førstehandsverdien for herøybåtane, mot 36,3% i 1996 og 41,4% i 1995.

Herøybåtane sto for 41,5% av samla fangstkvantum når ein ser heile flåten i Møre og Romsdal under eitt, mot 43,1% i 1996.

Tilsvarende sto ein for 26,0% av samla førstehandsverdi, mot 25,4% i 1996 og ca 21% i 1995.

**Tab. 5. Utvikling i kvantum og førstehandsverdi for herøyflåten sett i forhold til flåten frå heile Møre og Romsdal.**

	Herøy				Møre og Romsdal	
	1996		1997		1997	
	Kvantum (tonn)	Verdi (1000kr)	Kvantum (tonn)	Verdi (1000kr)	Kvantum (tonn)	Verdi (1000kr)
<b>Torskesektoren, reker, anna</b>	21.031	199.416	23.024	237.070	230.685	1.751.410
<b>Sildesektoren</b>	305.849	462.481	289.715	455.011	522.689	907.610
<b>SUM</b>	326.880	661.897	312.739	692.081	753.374	2.659.020

Kilde: Foreløpig statistikk frå Fiskeridirektoratet

## 6.0. FISKEINDUSTRIEN.

I kommuna er det totalt 10 anlegg for mottak og foredling av fisk. Vi har anlegg som driv med hermetikk, røykeri, mjøl-/oljeproduksjon, fryseri, lakseslakteri, konvensjonell produksjon, etc.

Fiskeindustrien i kommuna har totalt sett hatt ein sterk vekst på 1990-talet.

Mottaket av fisk i kommuna i 1997, inkl. oppdrettsfisk frå oppdrettsanlegg i kommuna, var på ca 198.500 tonn til ein førstehandsverdi på ca 523 mill kr. Dette er ein auke på ca 3.000 tonn i forhold til 1996. Verdimeisig var det ein nedgong på ca 8 mill kr.

For torskearta fisk, reker og anna var det ein nedgong i kvantum frå ca 31.400 tonn til ca 22.400 tonn, medan verdien gjekk ned frå ca 210 mii kr til ca 166 mill kr. Frå 1996 til 1997 var det innan sildesektoren ein auke i motteke kvantum frå ca 163.000 tonn til ca 174.000 tonn, og med ein auke i førstehandsverdi frå ca 287 mill kr til ca 310 mill kr.

**Tab. 6. Utviklinga i kvantum og førstehandsverdi, landa til fiskeindustrien i Herøy kommune (eks. oppdrettsfisk).**

	HERØY				MØRE OG ROMSDAL	
	1996		1997		1997	
	Kvantum (tonn)	Verdi (1.000 kr)	Kvantum (tonn)	Verdi (1.000 kr)	Kvantum (tonn)	Verdi (1.000 kr)
<b>Torskesekt., reker, anna</b>	31.432	209.589	22.413	166.304	223.394	1.663.934
<b>Silde- sektoren</b>	162.968	287.250	174.161	310.441	443.335	1.063.986
<b>Sum</b>	194.400	496.839	196.574	476.745	666.729	2.727.920

Kilde: Foreløpig statistikk Fiskeridirektoratet

Fiskeindustrien i Herøy mottok i 1997 29,5% av alt landa råstoff i fylket. Dette representerer ein ubetydeleg auke i forhold til året før. Førstehandsverdien av landa fisk i Herøy i 1997 i forhold til totallandingane i Møre og Romsdal var 17,5%, mot 18,2% i 1996.

Den relativ lavare førstehandsverdien i forhold til kvantum kjem på grunn av høg andel oppmalingsråstoff til fiskeindustrien i Herøy.

## **7.0. OPPDRETTSNÆRINGA.**

Av dei 4 oppdrettsanlegga for laks i kommuna var 3 i full drift i 1997, medan det fjerde anlegget berre i liten grad var i drift. Også settefiskanlegget med ein konsesjon for 500.000 stk smolt var i full drift. Av dei 2 landbaserte anlegga for oppdrett av kveite var eit i full drift og ekspensjon, medan det andre er dreve svært marginalt.

Totalt produserte oppdrettsnæringa i kommuna knapt 2.000 tonn fisk, eks smolt, til ein førstehandsverdi på nesten 47 mill kr, inkl. smolt. Alle konsesjonane innan laks, aure, smolt og ein innan kveite er eigd av interesser utanfor kommuna.

## **8.0. SERVICE FOR FISKERINÆRINGA.**

Det er eit verft i kommuna som driv med nybygging og reoperasjon/vedlikehald av større fartøy. I tillegg har ein 2 bedrifter som driv med bygging og noko vedlikehald av mindre fartøy, samt 1 bedrift av betydning som driv med vedlikehald/reparasjon for kystflåten.

Gjennom dei 2 notbøteria og dei 2 redskapsfabrikkane inkludert 2 skipshandlarar, kan flåten i kommuna og regionen få dekkja det meste av sine behov for vedlikehald og nyanskaffing av fiskeredskap og utstyr.

Vidare har ein verksemder i kommuna som driv med ettersyn og nyinstallasjonar av elektroniske og elektriske apparat ombord i flåten.

Heimeflåten og framandflåten som stasjonierer/leverer i kommuna er elles store kundar på proviant, bunkers, is, agn og anna utstyr. Dette betyr mykje for omsetninga til fleire verksemder.

Elles er det fleire firma i kommunen som driv teikning, utvikling og produksjon av båtar og utstyr til flåten og fiskeindustrien.

Nokre rederi har eigne administrasjonkontor, men dei fleste kjøper regnskap- og administrasjonstjenester i ulikt omfang hos etablerte regnskapskontor.

I kommuna har vi hatt ein relativ kontinuerleg prosess med utbygging av nye og opprustning av eksisterande hamneanlegg. På Eggesbønes hamn har det gått føre seg ei omfattande utdjuing og opprustning. Vidare er det starta opp ei storstilt utbygging av ein fiskeri- og servicebase på Mjølstadneset. Det er stilt store forventningar til denne utbygginga. Det er lagt opp til etablering av både fiskeindustri og ulike maritime service - og produksjonsverksemder.

## **9.0. UTDANNING OG KOMPETANSEHEVING.**

Ved Herøy Videregående skule er det etablert grunnkurs i Naturbruk og VK I Fiske og fangst. I samspel mellom næringane, skuleverket, Opplæringskontoret for fiske og sjøfart og fiskerietaten, vert det arbeidd arbeidd aktivt for å oppretthalde og styrke rekrutteringa til dei sjørelaterte næringane både på land og sjø. Gjennom eit løp mot fagbrev med teoretisk og praktisk opplæring, ønsker ein at ungdom og andre som alt er ute i næringslivet, skal få auka praktisk og teoretisk kompetanse. På den måten vil ein på sikt vere betre rusta til å møte dei krav og utfordringar som næringane blir stilt overfor.

I ei kommune som Herøy vil det også vere umåteleg viktig å leggje forholda til rette for og å oppfordre ungdom til også å ta anna maritim - og fiskerirelatert utdanning. Behovet for høgare utdanna personell vil også i framtida vere stort både på sjø - og landsida både innan privat og offentleg sektor.

## **10.0. KVANTUM-OG VERDISTATISTIKK.**

Dei 2 fyljande tabellane frå Fiskeridirektoratet viser kva flåten frå Herøy og flåten frå Møre og Romsdal har levert "heime" og "borte", samt framandflåten sine leveringar i Herøy og i fylket fordelt på fiskeslag og fartøystorleik i 1997:

HERØY	FLÅTENS LEVERINGER HJEMME			FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG								ÅR 1997	
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.						
0 - 7.9 M.	14	40	236	--	--	--	--	--	--	2	72	42	308
8 - 12.9 M.	94	1598	9883	--	--	193	598	2	57	76	1217	1869	11755
13 - 24.9 M.	11	480	3196	274	316	27	86	--	--	29	526	809	4124
25 - 39.9 M.	7	451	2706	2353	3502	3223	3040	--	--	60	396	6087	9644
40 M.OG OVER UOPPGITT	23	2172	14101	20252	40018	54823	78103	1092	32003	211	2085	78549	166309
	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--
TOTALT	149	4741	30122	22879	43835	58266	81828	1094	32060	377	4296	87356	192141

HERØY	FLÅTENS LEVERINGER BORTE			FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG								ÅR 1997	
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.						
0 - 7.9 M.	6	3	18	--	--	--	--	--	--	0	13	3	31
8 - 12.9 M.	64	170	1145	16	79	327	1405	--	--	3	136	516	2765
13 - 24.9 M.	11	358	2153	1751	2466	620	2916	--	--	68	622	2797	8157
25 - 39.9 M.	10	2824	19474	5893	9638	34139	30615	--	--	409	2273	43264	61999
40 M.OG OVER UOPPGITT	26	6355	49024	59795	114136	106029	168092	5399	74532	1224	21204	178803	426987
	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--	--
TOTALT	117	9709	71814	67454	126320	141116	203028	5399	74532	1704	24246	225383	499939

FREMME	FLÅTENS LEVERINGER HERØY			FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG								ÅR 1997	
FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.						
0 - 7.9 M.	15	10	61	--	--	6	22	--	--	1	73	17	156
8 - 12.9 M.	87	513	3062	--	--	116	365	--	--	28	454	657	3881
13 - 24.9 M.	91	610	2807	4324	6751	2386	10313	--	--	13	192	7333	20063
25 - 39.9 M.	102	9559	46929	10225	15011	1632	7221	--	--	1132	17073	22548	86234
40 M.OG OVER UOPPGITT	98	3536	18279	34952	56936	39374	88157	409	7273	375	3471	78646	174116
	6	14	82	--	--	1	3	--	--	3	69	18	154
TOTALT	399	14241	71222	49501	78697	43515	106081	409	7273	1551	21331	109217	284604

MENGDETELL ER I RUND VEKT

Dato: 19980313

MØRE OG ROMSDA FLÅTENS LEVERINGER HJEMME FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG ÅR 1997

FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.
0 - 7.9 M.	251	671 4133	-- --	8 26	-- --	61 637	739 4796
8 - 12.9 M.	623	8339 53508	640 729	1053 3103	15 351	737 7211	10784 64900
13 - 24.9 M.	98	6832 39316	10307 17616	3020 13680	41 939	496 5605	20695 77156
25 - 39.9 M.	81	54871 384802	14873 24231	9085 26868	-- --	9416 89724	88245 525625
40 M.OG OVER UOPPGITT	69 13	76304 530303 12 62	69189 124541 -- --	99660 220275 25 79	3135 79940 -- --	7019 86992 0 13	255307 1042051 37 155
TOTALT	1135	147028 1012124	95010 167117	112851 264031	3190 81230	17729 190182	375808 1714683

MØRE OG ROMSDA FLÅTENS LEVERINGER BORTE FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG ÅR 1997

FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.
0 - 7.9 M.	29	20 126	2 2	-- --	-- --	12 90	34 219
8 - 12.9 M.	188	2119 13592	1320 2165	787 3436	-- --	119 1272	4345 20465
13 - 24.9 M.	78	8562 41914	13272 20903	917 4757	137 1927	174 1828	23061 71328
25 - 39.9 M.	80	23297 153700	15749 25441	54342 50894	-- --	2033 20761	95420 250796
40 M.OG OVER UOPPGITT	61 3	16362 100482 -- --	89821 171008 -- --	138619 197858 -- --	8129 109080 -- --	1774 23072 1 29	254704 601500 1 29
TOTALT	439	50360 309814	120164 219518	194664 256944	8265 111007	4113 47053	377566 944337

FREMMEDE FLÅTENS LEVERINGER MØRE OG ROMSDA FORDELT PÅ FARTØYSTØRRELSER OG FISKESLAG ÅR 1997

FARTØY STØRRELSE	ANT.FART. MED LEV.	TORSKEA.FISK TONN 1000 KR.	SILD BRISLING TONN 1000 KR.	MAKR.LODDE M.V. TONN 1000 KR.	REKER TONN 1000 KR.	ANNET TONN 1000 KR.	TOTALT TONN 1000 KR.
0 - 7.9 M.	15	37 312	-- --	5 22	-- --	0 57	42 392
8 - 12.9 M.	76	551 3156	683 996	176 640	-- --	7 57	1416 4850
13 - 24.9 M.	141	7121 21571	9583 16196	5893 28032	0 2	122 875	22719 66675
25 - 39.9 M.	109	21156 163642	24986 44855	4572 36088	-- --	1498 21050	52211 265635
40 M.OG OVER UOPPGITT	112 38	20383 141139 117 691	99002 174044 158 492	90348 330649 68 324	-- -- 1 11	4444 27549 10 286	214178 673380 355 1803
TOTALT	491	49365 330511	134413 236583	101061 395755	1 13	6081 49874	290921 1012736

MENGDETTALL ER I RUND VEKT

Dato: 19980313